

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

MØTEDATO: 16.06.2022, kl. 10:00-15:40

MØTESTAD: Lærdal sjukehus, Lærdal

Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar (t.o.m. sak 042)
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem (t.o.m. sak 034)
Marit Hermansen	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Eiliv Berdal	Observatør

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Vidar Øvrebø, stadleg leiar Lærdal sjukehus
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern
Trine Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Øystein Helleseeth, økonomidirektør
Asle Kjølraug, kst. fagdirektør
Frode Schanke, IKT-sjef
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Ingrid Sælen, pasient- og brukarombod (deltok digitalt)

SAKLISTE

Saksnr.	Sakstittel	
031/2022	Godkjenning av innkalling og dagsorden	
032/2022	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 13.05.2022	
033/2022	Administrerande direktør si orientering	
034/2022	Rapportering frå verksemda per mai 2022	
035/2022	Risikostyring – rapportering 1. tertial 2022	
036/2022	Leiinga sin gjennomgang 1. tertial 2022	
037/2022	Møteplan og årsplan 2023 for styret i Helse Førde HF	
Saker til orientering:		
038/2022	Årsmelding 2021 frå pasient- og brukarombodet i Vestland	
039/2022	Rapportering om prosjekt i Helse Førde	
040/2022	Statusrapport om forskning i Helse Førde	
041/2022	Statusrapport om innovasjon i Helse Førde	
042/2022	Eventuelt Skriv og meldingar	
<u>Lukka del:</u>		
043/2022	Leiinga sin årlege gjennomgang av informasjons- sikkerheit 2021 for Helse Førde	Off.l. §24.3

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Ole Gunnar Krakhellen ønska styret og administrasjonen velkommen til dagens styremøte ved Lærdal sjukehus.

STYREMØTE STARTA MED ORIENTERING OG OMVISNING I LÆRDAL SJUKEHUS

Stadleg leiar Vidar Øvrebø orienterte om **historia til Lærdal sjukehus**

- 1914: Fylkeskommunal tuberkuloseheim med nokre sjukehussenger
- 1922: Distriktslækjar Christoffersen samla inn 85 000 kroner til nytt sjukehus
- 1930: Nytt sjukehus stod ferdig, med røntgenmaskin
- 1936: Straum kom til Lærdal
- Større ombyggingar på 1950, 1972 og 1987

35 millionar kroner er sett av i langtidsbudsjettet til oppussing i Lærdal sjukehus:

- Skifta vindauge og ny varmesentral
- MR (kostnader utover gåvemidlar) og ny dialyseavdeling
- Oppussa og utvida sengesentral
- Oppussa fysikalsk avdeling
- Oppgradert kjøkken

- Utvida og oppgradert resepsjonsområde
- Ny infusjonspoliklinikk

Staus i dag er 141 årsverk fordelt på 175 tilsette. Målingar viser at vi har stor auke i aktivitet samanlikna med 2019 på omlag alle område. Det er laga direktiv for prosjekt for vidare utvikling av Lærdal sjukehus. Det er også eit prosjekt med å ivareta gammal kunst i sjukehuset.

Styret takka for orientering. Styret stilte spørsmål om kva tilstandsgrad har bygningsmassen i Lærdal sjukehus?

Stadleg leiar Øvrebø sa at bygningsmassen er i relativt god stand.

Deretter var det omvisning med vekt på ombygde lokale i sjukehuset.

ORIENTERING

Pasient- og brukarombod Ingrid Sælen orienterte om **Årsmelding 2021 frå pasient- og brukarombodet i Vestland**

Vi skal ivareta pasientens og brukarens behov, interesser og rettssikkerheit i helse- og omsorgstenesta, og arbeide for å betre kvaliteten på desse tenestene.

Nytt i fjor var at vi valde å skrive ei felles årsmelding for Vestland fylke.

I 2021 hadde vi 16808 henvendelser nasjonalt. Det var rekordmange henvendelser i Vestland fylke, med 1742 i 2021. Det var registrert 110 saker på Helse Førde i 2021.

I Vestland fylke var det mest henvendelser til kirurgi, deretter psykisk helsevern.

Forhold som trekkast fram nasjonalt:

- Fastlegekrisen truar pasientsikkerheit
- Pasientens bustad skal ikkje vere avgjerande for kva helse- og omsorgstenester som gis
- Vurdering av henvisningar til barne- og ungdomspsykiatrien må bli betre
- Koordinatorordninga fungerer ikkje etter intensjonen. Den må evaluerast
- Pasientar i LAR-behandling må gis reell medvirkning i sin behandling

I tillegg deler vi våre erfaringar om:

- Covid-19, sjukeheim, offentleg tannhelse, rehabilitering
- Fokusområde i 2021-2022 var å gjere ordninga meir kjent for unge 16-20 år
- Saksbehandling, Beslutningsforum
- Journalsnoking
- Grenseoverskridande atferd

Styret takka for orienteringa. Styret stilte spørsmål om korleis er samarbeid med Helse Førde i enkeltsaker, med henvisning til 110 saker knytta til Helse Førde.

Pasient- og brukarombod Sælen sa at det er godt samarbeid.

Styreleiar Krakhellen stilte spørsmål om rolla som stadleg leiar.

Adm. direktør Varden sa at vi har funne ein funksjon for stadleg leiar som fungerer bra. Stadleg leiar har ei koordinerings-rolle på lokalsjukehuset. Stadleg leiar er med i føretaksleiinga, og rapporterer direkte til adm. direktør. Stadleg leiar har ei viktig rolle i samhandling med kommunane.

Styret kommenterte at rolla som stadleg leiar har fungert tilfredsstillande.

Sak 031/2022 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Krakhellen leia møtet og orienterte om dagsorden

- Styremøte hadde omvisning og fagleg orientering
- Eit dokument vart utsendt til Skriv og meldingar

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

Sak 032/2022 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 13.05.2022

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 13.05.2022.

Sak 033/2022 Administrerande direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia om flytting frå Førdegården til Angabygget, som no vert fullført.

Nye ambulansebåtar: Båt levert til Florø kan bli noko forseinka. 29. juni vert det møte med ordførar i Solund kommune.

Det vart vist bilder frå fleire arrangement:

- ✓ 17. mai toget i Førde og markering i vestibulen Førde sentralsjukehus
- ✓ 17. mai ved Lærdal sjukehus
- Pride-tog i Førde
- ✓ Helse Førde stafetten, som samla mange deltakarar

1. Rapportering tilsynssaker

2. Oversikt over aktuelle høyringar

3. Saker til oppfølging etter styremøte

Orientering om økonomisk langtidplan vart knytt til sak 034 om Rapportering

4. Nye Førde sjukehus - løypemelding

Prosjektet er i samsvar med framdriftsplan og dialogen med Veidekke er god. Sluttprognosen for Livabygget og Svana 1 blir samla rapportert til å ligge 40 millionar over budsjett. Den største risikoen i Nye Førde sjukehus er knytt til utvikling av kostnadsindeks for byggearbeid.

Kunstfotografering i Liva:

Fotograf Oddleiv Apneseth har teke eit stort fotografi av medarbeidarar i Helse Førde, og dette blir utstilt på Eikaasgalleriet i sommar.

Det er avtale med Firda at dei skal få lage ein reportasje om eit døgn i Helse Førde til hausten.

Prosess for hausten:

- Det skal hausten 2022 gjennomførast prioritering for Svana 2 og 3. Det er eit mål å finne løysingar som gjer at heilskapen i Nye Førde sjukehus kan gjennomførast innanfor vedtekne budsjett.
- Akuttmottak og intensiv må prioriterast som del av Svana 2, og vi søker no kostnadsavklaring på desse pakkane.
- Det blir stram prioritering av restmidlar i Nye Førde sjukehus.

Styret stilte spørsmål om beslutningstidspunkt for prioriteringar. Adm. direktør Varden sa at det kan bli i løpet av hausten 2022.

Styret henviste til auka byggekostnader og renteauke.

5. Psykisk helsevern - status

Direktør Tvedt orienterte om UKOM-rapport/ status PBU i Helse Førde

- Status for phv til barn og unge frå UKOM-rapport

- Etter to år med pandemi vert det rapportert, frå UKOM-rapport
- Risiko for pasientsikkerheit i tenester under press, frå UKOM-rapport
- Forhold som påverkar kapasitet og kvalitet poengtert i UKOM-rapport

Tre utfordringar i helsetilbodet i følge UKOM-rapporten:

1. Etterslep
2. Gap mellom kommunale tenester og spesialisthelsetenesta
3. Variasjon i kommunale tilbod og utfordringar i samhandling rundt pakkeforløp

Status PBU i Helse Førde

- Vi ser ein auke i talet på tilvisingar og ein tydeleg vekst i totaltalet pasientar i BUP
- Alvorsgrad: fleire ØH-innleggingar, fleire ungdomar som blir tilvist grunna eller med skulevegning som del av problematikken
- Vi ser ingen sikker auke i førekomst av ete-forstyrningar
- Vi merkar at etterspurnad er større enn kapasitet
- Har vore bra rekruttering ved BUP i Nordfjord og Sogn

Oppfølging i PBU i Helse Førde er måling av effekt, og samanhengande tenester.

Styret kommenterte at rekruttering og kompetanse som er ei nøkkelutfordring.

Tilsynssaka HABU, jf pkt. 1 rapportering tilsynssaker

Brukarutvalet er opptatt av denne saka og kva som skjer i prosessen. Dei ønsker å ta dette opp med styret etter at tilsynssaka er avslutta.

Adm. direktør Varden sa at avdelingssjef Barne- og ungdomsavdelinga orienterte i førre styremøte.

Direktør Vingsnes orienterte om saka.

6. Helse Førde sitt arbeid med å nå FN sine klimamål, jf. styringsdokument

Adm. direktør Varden orienterte om Helse Førde sitt arbeid med å nå klimamåla til FN.

Dei fire regionale helseføretaka har etablert felles miljømål for spesialisthelsetenesta som er direkte knytt opp til berekraftmål til FN. Helse Førde har hatt stort fokus på miljø over lang tid, mellom anna arbeid med energiøkonomisering:

2002: Fjordenergi og fjordkjøling Nordfjord

2006: MR med fjordkjøling – einaste i verda

2015: Klimasertifisering

2016: Fjordvarme på Førde sentralsjukehus

2020: Digitale helsetenester og digitale møter

2021: Varmepumpe på Tronvik

Teknisk sjef Per Helge Haugen og gjengen hans ved Nordfjord sjukehus har jobba målretta og oppnår imponerande resultat over lang tid.

Vi har tilsett miljøkoordinator frå 15. august.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orienteringa til vitende.

Sak 034/2022 Rapportering frå verksemda per mai 2022

Oppsummering:

Administrerande direktør Varden innleia rapportering med si vurdering om økonomi, ventetid, fristbrot, korleis jobbe vidare.

- Ventetid innan somatikk for pasientar som har starta behandling, er vedvarande høg på over 70 dagar, men er vestleg reduksjon frå førre månad
- Ventetidene blir haldne oppe av lange ventetider på nokre fagområde
- Innan psykisk helsevern er ventetida for barn og ungdom som har starta behandling, er undra (49 dagar, måltal 35)
- Det er ein aukande trend med fristbrot i Helse Førde. Det er registrert 399 nye fristbrot
- Resultat i perioden er negativt med -2,5 millionar, som er eit avvik på nær 5,0 millionar kroner i høve budsjettet
- Til no i år er resultat negativt med -17,8 millionar kroner. Samla er vi 30,3 millionar kroner bak budsjett hittil i år
- Hovudårsaka til avvik frå budsjett er pandemien som har medført lågare aktivitet, samt høgare løns- og personalkostnader
- Helse Førde vil få tilført ekstramidlar, jf styresak i Helse Vest RHF 13. mai
- Avvik mot budsjett justert for pandemien, er omlag 10 millionar kroner i mai
- Samla sjukefråvær var 7,2 prosent i april

Kst. fagdirektør Kjølraug orienterte om: Kvalitet og pasienttryggleik

- Gjennomsnittleg ventetid – helsehjelp starta i perioden, viser 74 dagar for somatiske avdelingar
- Gjennomsnittleg ventetid – ventande ved periodeslutt, viser 63 dagar for somatiske avdelingar
- Fristbrot oppstått i perioden, viser 399 nye i mai, svarande til 13,3 prosent
- Vi har inngått samarbeid med Helse Møre og Romsdal, for å avlaste venteliste innan generell kirurgi og ortopedi

Rapportering, iht årshjulet:

- Pakkeforløp kreft
- Manglande informasjon tilviste pasientar

Økonomidirektør Helleseeth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

Overordna pasientflyt per mai viser

Nytilviste 5 721	Totalkø 42 680	Avslutta 4 932
------------------	----------------	----------------

Aktivitet innan somatikk er lågare enn budsjett, men etterkoding har sytt for at sum inntekter er om lag som budsjettert i perioden. Inntektene er om lag som budsjettert også innan psykisk helsevern.

Resultat per mai er negativt med 2,5 millionar kroner, som er nær 5 millionar kroner svakare enn budsjett.

Justert for pandemien er avvik mot budsjett om lag 10 millionar til no i år. Det er budsjettert med eit overskot på 30 millionar for å sikre finansiering og investeringar.

Adm. direktør Varden orientering om: Økonomisk status og føringar

Helse Vest RHF hadde styremøte 13. juni, der fleire økonomisaker vart handsama. Helse Vest viser behov for strammare likviditetsstyring, herunder redusert investeringsnivå. For Helse Førde vil dette medføre strammare investeringsrammer framover.

Førebels ramme for 2023 viser at Helse Førde får størst auke av alle føretaka i Helse Vest, med 42,8 millionar kroner.

Økonomidirektør Helleseeth orienterte om: Økonomisk langtidsplan Helse Vest

- Helse Førde – balanse drift og investering
Risiko drift – økonomi, på kort sikt og på lang sikt

Adm. direktør Varden orienterte om:

- Kva konsekvensar ser AD for Helse Førde framover?
Førebels ramme for 2023 syner en auke på 42 millionar. Dette gjev eit handlingsrom med tanke på innsparingskrav i økonomisk langtidsplan. Justert for pandemien er avviket mot budsjett per mai om lag 10 millionar. Utan tiltak, og med ei lønsoppgjer som er høgare enn budsjett, vil avviket bli mellom 20 og 30 millionar. Adm. direktør har derfor starta prosessen med å sjå på tiltak for å styrke drifta inn mot budsjettet.

Adm. direktør sitt mål er styresak i september.

Styret kommenterte at dei har fått ein god og detaljert gjennomgang. Situasjonen er alvorleg, og det er store utfordringar. For å kome i mål med dette er det viktig å ha dialog med dei tilsette.

Framlegg til vedtak:

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per mai 2022 til vitende.

Styremedlem Sandal hadde følgjande endringsframlegg:

Styret viser til rapport frå verksemda per mai 2022 og til munnleg framstilling i møtet.

Styret ser alvorleg på den situasjonen som føretaket er oppe i.

Styret ber om at ein følger utviklinga nøye i tida framover.

Votering:

Styremedlem Sandal sitt endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak (samrøystes):

Styret viser til rapport frå verksemda per mai 2022 og til munnleg framstilling i møtet.

Styret ser alvorleg på den situasjonen som føretaket er oppe i.

Styret ber om at ein følger utviklinga nøye i tida framover.

Sak 035/2022 Risikostyring – rapportering 1. tertial 2022**Oppsummering:**

Risikostyringa til Helse Førde i 2022 byggjer på to område:

- Risikoar som administrerande direktør har peika ut spesielt for Helse Førde
- Topp fem risiko peika ut av Helse Vest

Helse Førde har følgjande risikostyring og styringsmål:

- Legemiddelområdet
- Vald og trugslar mot tilsette
- IKT og informasjonssikkerheit
- Ekstern turnover
- Uønskt variasjon radiologi
- Uønskt variasjon ortopedi
- Rekruttering
- Økonomistyring

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tek rapportering om risikostyring 1. tertial til vitende.

2. Styret ber administrerende direktør om å følge opp tiltaka som kjem fram i rapporten.

Sak 036/2022 Leiinga sin gjennomgang 1. tertial 2022

Oppsummering:

Leiinga sin gjennomgang for Helse Førde, saman med klinikkane sine gjennomgangar, gir eit godt bilete av stoda i føretaket. Helse Førde leverer bra på mange område, men rapporteringa syner er det fleire enkeltområde som framleis har forbettringspotensiale.

Leiinga sin gjennomgang syner status på desse områda:

1. Status med oppdrag i styringsdokumentet
2. Kvalitetsindikatorar med kommentarar
3. Vurderingar av tilstrekkelege ressursar og kompetanse
4. Vurderingar av risikoane i føretaket med tiltak innanfor
 - a. Kvalitet og pasienttryggleik
 - b. Medarbeidardimensjon
 - c. Økonomi
5. Utviklingsarbeid og endringar i tenestetilbod
6. Administrerende direktør si vurdering

Styret kommenterte at det var god struktur på framlegging av saka.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek leiinga sin gjennomgang 1. tertial 2022 til orientering.

Sak 037/2022 Møteplan og årsplan 2023 for styret i Helse Førde HF

Oppsummering:

Det vert i forslag til møteplan lagt opp til åtte styremøter og to styreseminar i Helse Førde HF i 2023. Styremøta i Helse Førde HF startar vanlegvis med «Fagleg orientering» som første del i møta. Styremøta vert å halde ved institusjonane.

Årsplanen er eit verktøy for å skape oversikt og strukturere styrearbeidet gjennom året, også å prioritere tida slik at viktige saker får størst plass.

Styret drøfta møteplan og årsplan for 2023. Møtestart for nokre styremøter kan bli tilpassa flyruter. Styret ønskjer innkalling i Outlook.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Førde HF godkjenner møteplan 2023:

Møteplan 1. halvår 2023	
Møtedato	Møtestad
Torsdag 26. januar	Førde, FSS
Måndag 27. mars	Førde, FSS
Fredag 12. mai	Førde, FSS
Tysdag 20. juni	Sogndal, ISP
Møteplan 2. halvår 2023	
Torsdag 21. september	Nordfjordeid, NSH
Torsdag 26. oktober	Førde/ Kyrkjebø
Torsdag 23. november	Førde, FSS
Fredag 15. desember	Førde, FSS

2. Styreseminar (kveld) vert i samband med styremøte i mai og november 2023.
3. Styret i Helse Førde HF godkjenner årsplan 2023, med korrigert møtedato, i samsvar med vedtak punkt 1.

Saker til orientering:**Sak 038/2022 Årsmelding 2021 frå pasient- og brukarombodet i Vestland****Oppsummering:**

Pasient- og brukarombodet skal arbeide for å ivareta pasienten og brukaren sine behov, interesser og rettstryggleik overfor den statlege spesialisthelsetenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta, og for å betre kvaliteten i desse tenestene.

Vestland fylke har to pasient- og brukarombod og to kontor, i Førde og Bergen. Desse to kontora har dei tidlegare fylkesgrensene som interne ansvarsområde.

Ombodet vart i 2021 kontakta av totalt 1742 brukarar, som var ein stor auke frå førre år.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek «Årsmelding 2021 frå pasient- og brukarombodet i Vestland» til orientering.

Sak 039/2022 Rapportering om prosjekt i Helse Førde

Oppsummering:

Det er stor prosjektaktivitet innan bygg, IKT og organisasjonsutvikling. Koordinering mellom dei mange prosjekta i Pasientens helseteneste, og mellom dei og Nye Førde sjukehus, vert særskilt viktig i tida framover.

Helse Førde nyttar ein stad mellom 50 og 100 årsverk til prosjektarbeid i 2022. Dei aller fleste prosjekta er organisert i desse programma:

- Pasientens helseteneste
- Nye Førde sjukehus
- Alle møter
- Heliks
- Libra

Styret etterspør eit informasjonsark om forkortingane i slutten av dokumentet.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tek rapportering om status prosjektportefølje til vitende
2. Styret ber administrerande direktør arbeide vidare med å betre styringa av prosjektporteføljen slik det går fram av saksframlegget.

Sak 040/2022 Statusrapport om forskning i Helse Førde

Oppsummering:

Forskning er ei av kjerneoppgåvene til Helse Førde og eit sentralt satsingsområde for føretaket. Føretaket har ei pågåande målretta og systematisk opptrapping av ressursbruk til forskning dei seinare åra, som syner resultat i form av auka aktivitet.

Forskningsaktiviteten i helseføretaka vert målt ved publikasjonspoeng, avlagde doktorgradar, deltaking i klinisk behandlingforsking, midlar brukt til forskning på eige budsjett og eksternfinansierte forskingsmidlar.

I 2021 var det registrert 38 vitenskaplege publikasjonar og tre antologikapittel. Dette gjev totalt 27,29 publikasjonspoeng for Helse Førde.

I Helse Førde sin strategi for forskning og innovasjon 2002-2025 er målet at innan 2025 skal 1,2 prosent av totalbudsjettet nyttast til forskning.

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om statusrapport om forskning:

- *5 disputas i 2021*
- *Blir informasjon om Toril Terum sin disputas til hausten*
- *Det er auka satsing på kliniske studiar i Medisinsk klinikk*
- *Strategiske forskingsmidlar til mindre helseføretak*
- *PERSONFORSK – ny 5-årsplan for forskingssatsingane*

Styret kommenterte at forskinga syner ei flott og ønska utvikling.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør sin statusrapport om forskning til vitende.

Sak 041/2022 Statusrapport om innovasjon i Helse Førde

Oppsummering:

Innovasjonsaktiviteten i Helse Førde har auka dei seinare åra, noko som også viser att i søknadsaktivitet og tildelte prosjektmidlar frå interne og eksterne kjelder. Som eit ledd i opptrappinga av ressursbruken knytt til forskning og innovasjon, vart det lyst ut interne innovasjonsmidlar i Helse Førde for 2022. Det kom inn totalt sju søknader, der fire av prosjekta fekk tildelt midlar - to nye og to pågåande prosjekt. Helse Førde sende inn ein søknad til Helse Vest si utlysing på innovasjonsmidlar for 2022, og fekk tilslag på denne. Prosjektet «Universelt pasientgrensesnitt», leia av Christian Moltu (PHV), fekk tildelt 1,2 millionar kroner, og har som mål å utvikle eit nyskapande pasientgrensesnitt for datadriven klinisk praksis.

Helse Førde held fram med å styrke det eksterne samarbeidet både med offentlege og private i samarbeid med regionale og nasjonale føringar.

Den samla ressursbruken til innovasjon i 2021 var 0,23 prosent av budsjettet til Helse Førde.

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om halvtårsrapport om innovasjon:

- *Fag- og utvikling sine tilsette er no samla i Angabygget*
- *VR-briller i rehabilitering i slagbehandling*
- *Samarbeid med lokalt næringsliv: Safe Storage, Partly m.fl.*
- *Pust Deg Bedre – eit digitalt verktøy for lungesjuka*
- *Helseinnovasjonskonferanse 2022 og 2023*

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør sin statusrapport om innovasjon til vitende.

Sak 042/2022 Eventuelt

Vedtak (samrøystes):

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt til styret:

- Referat frå møte i felles brukarutval i Sogn og Fjordane 14.03.2022

Lukka del:

Helseføretakslova §26a, nr 1 og 4

Sak 043/2022 **Leiinga sin årlege gjennomgang av informasjonssikkerheit 2021 for Helse Førde**

Oppsummering:

Rapporten inneheld ei oppsummering av arbeidet med informasjonstryggleik i Helse Førde det siste året.

IKT-sjef Schanke orienterte om arbeidet med IKT-sikkerheit i Helse Førde.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek rapporten «Leiingas årlege gjennomgang av informasjonssikkerheit 2021 for Helse Førde» til vitende.

Ref. Berit Irene Haarklau
16.06.2022

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
-----------------------	------------

Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
----------------------	-----------

Aud Ingrid Espeland	Medlem
---------------------	--------

Reidar Sandal	Medlem
---------------	--------

Thomas Vingen Vedeld	Medlem
----------------------	--------

Marit Hermansen	Medlem
-----------------	--------

Ivar Eriksen	Medlem
--------------	--------

Lena Thorsnes	Medlem
---------------	--------

Randi Aven	Medlem
------------	--------

Ole-Magnus Kapstad	Medlem
--------------------	--------

Kari Sunde Kvile	Medlem
------------------	--------